



Arkivnr: 2017/17475-3

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2018
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019**Samandrag**

«*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» (HNH 2018-19), som tidlegare har vore rullert kvart år, er i denne saka føreslått å gjelda for to år. Plan- og bygningslova opnar for dette, og årsaka er den pågående samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane til det nye Vestlandet. Hordaland fylkeskommune ønskjer på grunn av dette å nytte ressursane på strategisk planlegging saman med Sogn og Fjordane i 2018, i staden for ny revisjon av handlingsprogrammet for nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland. Naudsynte justeringar i høve til budsjettet for 2019 må likevel gjennomførast i 2018.

HNH 2018-2019 er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklings-aktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Dei overordna styringsdokumenta for handlings-programmet er «*Regional planstrategi 2016-2020*» og «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*». Sistnemnde plan er vidareført inntil ny næringsplan for Vestlandet er vedtatt.

«*Regional plan for kompetanse og arbeidskraft*», som vart vedtatt av fylkestinget i oktober 2017, er også viktig for handlingsprogrammet. Det overordna målet i denne planen er å skapa «*better balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.*»

I saka er det foreslått korleis midlane til regional næringsutvikling på 62,9 mill. kroner skal disponerast i 2018. Hovuddelen av midlane er overføringer frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (38,0 mill. kroner + omstillingsmidlar 9 mill. kroner). I tillegg inngår 3,5 mill. kroner frå fylkeskommunen sitt budsjett 2018, og 12,4 mill. kroner frå midlar som er overført frå 2017.

I denne saka fremmer fylkesrådmannen «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» til godkjenning. Sjølv programmet ligg som vedlegg til saka.

Økonomi: Handlingsprogrammet påverkar ikkje driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond

Klima: Handlingsprogrammet skal fremja grøn konkurranseskraft og klimatiltak i næringslivet

Folkehelse: Handlingsprogrammet legg til rette for ei samfunnsutvikling som er positiv for folkehelsa

Regional planstrategi: Handlingsprogrammet legg til rette for høg sysselsetting, eit inkluderande samfunn og ei klima- og miljøvenleg utvikling.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtar «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*».
2. Handlingsprogrammet som tidlegare har vore rullert årleg, skal no gjelda for 2018 og 2019.
Naudsynte justeringar i høve til budsjettet for 2019 må likevel gjennomførast i 2018
3. Det vert sett av 3 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Etablerarfonda er ei tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Desse midlane er fordele til samarbeidspartnerar slik at Sunnhordland får 594 000 kroner og Hardanger får 438 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 1 968 000 kroner.
4. Omstettingsutvalet vert styringsgruppe for 9.0 mill. kr som er sett av til omstilling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

*Vedlegg: «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*».*

Fylkesrådmannen, 24.01.2018

1. Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i desember 2017 fylkesbudsjettet for 2018. I Hordaland fylkeskommune sitt budsjett er det lagt følgjande føringar for HNH 2018-2019:

- Konkretisere satsing på digitalisering og Industri 4.0 i mål og innsatsområde i HNH 2018
- Av den totale søkbare ramma skal minst 1,5 mill. kroner setjast av til ordning for å styrke grøn konkurranseskraft i næringslivet
- Ytterlegare 1,5 mill. kroner skal setjast av til ordning for å styrke arbeidet med integrering av flyktningar og innvandrar rundt om i kommunane, med særleg fokus på arbeid
- I samarbeid med kommunane og andre eksterne aktørar vil det bli gjennomført eit tiltak for å strukturere og auke brukarvennlegheita for den samla etablerartenesta inkludert kom-an.no i fylket

Hovuddelen av midlane i handlingsprogrammet er overføringer frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (49,1 mill. kroner + omstillingsmidlar 9 mill. kroner). I tillegg inngår 3,5 mill. kroner frå fylkeskommunen sitt budsjett 2018, og 12,4 mill. kroner frå midlar som ikkje er nyttा i 2016.

HNH 2018-2019 er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune har eit strategisk samarbeid med. Dei overordna styringsdokumenta for handlingsprogrammet er «*Regional planstrategi 2016-2020*» og «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*». Sistnemnde er vidareført inntil ny næringsplan for Vestlandet er klar.

Dei statlege føringane i det årlege tildelingsbrevet er også sentralt for verkemiddelbruken knytt til handlingsprogrammet. I oppdragsbrevet for 2018 forventar Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) at Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeid med SIVA (norsk statsforetak som har til formål å tilrettelegge for utvikling av nytt næringsliv i Norge gjennom å investere i innovasjonsselskap og næringseigendom), Innovasjon Noreg (IN) og Forskningsrådet for å realisere distriktpolitiske mål, og for å fremje verdiskaping og regional utvikling i Hordaland. Føringane frå KMD er lagt til grunn for handlingsprogrammet.

Hordaland fylkeskommune har i tillegg ulike samarbeidsavtalar og partnarskap med ei rad aktørar som er vurdert som strategisk viktige for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Desse aktørane har samarbeidsavtaler med fylkeskommunen om å arbeida med mål og strategiar i næringsplanen, og prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet. Under er det ei kort beskriving av dei viktigaste strategiske partnarskapene, og kva rolle desse partnarskapene har i Hordaland fylkeskommune sitt arbeid som regional utviklingsaktør.

1.1 Regionalt næringsforum (RNF)

RNF er eit særskilt samarbeidsforum for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland. Forumet skal bidra til samordna innsats for å fremje næringsutvikling i Hordaland i tråd med mål og strategiar i gjeldande regionale næringsplan. RNF skal også fylle rolla som regional partnarskap i Hordaland knytt til forvalting av øyremarka statlege midlar til regional næringsutvikling. RNF i Hordaland har slik samansetting:

- Regionaldirektør i Hordaland fylkeskommune - leiar
- Fylkesdirektør for Innovasjon Norge i Hordaland
- Landbruksdirektøren under Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesdirektøren for NAV Hordaland
- Rektor ved Universitetet i Bergen
- Regionondirektøren i NHO Hordaland
- LO-sekretæren i Hordaland
- Norges forskningsråd sin representant i Hordaland
- Leiar i Kommunenes Sentralforbund i Hordaland
- Nærjingssjefen i Bergen kommune
- Nærjingssjefen i Hordaland fylkeskommune
- 2 medlemmer frå Fylkesutvalet i Hordaland

RNF har vore styringsgruppe og trekt opp rammene for arbeidet med HNH 2018-2019. Framlegget er handsama av RNF på tre møter, seinast 16. januar 2018, der RNF gjorde følgjande vedtak:

«RNF godkjenner utkastet med dei innspela som kom i møtet som sitt utkast til HNH 2018-2019. RNF tilrår overfor fylkesutvalet at HNH skal gjerast toårig og at det framlagte utkastet blir godkjent som HNH 2018-2019.»

Fylkesutvalet sine medlemmar i RNF meldte seg ugild til realitetshandsaminga av HNH i RNF.

1.2 Ressursgruppe for HNH 2017

HNH 2018-2019 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe satt saman av representantar frå

- Innovasjon Norge Hordaland
- Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga
- Bergen kommune
- Odda kommune
- NCE Maritime CleanTech
- UH-sektoren.

I tillegg har Samferdselsavdelinga, Opplæringsavdelinga, Regionalavdelinga og Kultur og idrettsavdelinga til Hordaland fylkeskommune kome med faglege innspel.

1.3 Omstillingsutvalet

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa har skapt behov for samordna regional innsats for å jobba med problemstillingar knytt til utfordingane for industrien i Hordaland. Regionalavdelinga til Hordaland fylkeskommune har jobba med desse utfordringane både politisk og administrativt sidan juni 2014, og 18 juni 2015 vedtok fylkesutvalet 18. juni 2015 (PS 168/2015) å oppretta eit omstillingsutval. Dette utvalet fekk til mandat å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga knytt til leverandørindustrien. Fylkesutvalet bad også i sitt vedtak omstillingsutvalet om å arbeide vidare med problemstillingar knytt til nedgangstidene i heile olje- og gassindustrien. I tillegg vart utvalet bedt om å ta kontakt med sentrale styresmakter og arbeide saman med desse, for å styrke verkemiddelapparatet og for at oljeselskapene gjennomfører investeringsprosjekt som er utsett. Medlemmer i omstillingsutvalet er

- Fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune - leiar
- Fylkessdirektøren for NAV Hordaland
- Fylkessdirektør for Innovasjon Norge i Hordaland
- Ordførar i Lindås kommune
- Direktør ved CCB Ågotnes
- Regionsjef NITO Vest
- Leiar Fellesforbundet, avd 5
- Styreleiar i Atheno
- Eitt medlem frå opposisjonen fylkesutvalet

I statsbudsjettet for 2018 er det løyvd 9,0 mill. kroner til å vidareføra omstillingsarbeidet i Hordaland. I HNH 2018-2019 er det framlegg om at omstillingsutvalet skal vera styringsgruppe for dette arbeidet.

1.4 Strategisk samarbeid om regionale etablerarfond

Under handsaminga av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» (sak 50/2015) vedtok fylkesutvalet å oppretta tre regionale etablerarfond øyremerket entreprenørskap og/eller konkret etablerarstøtte. IN hadde tidlegare ei ordning med etablerartilskot til gründerbedrifter med vekstambisjonar. Denne ordninga passa ikkje for alle ny-etablerte bedrifter, og dei regionale etablerarfonda er eit alternativ som tilbyr eit etablerartilskot på inntil 50.000 kroner til bedrifter. Forvaltninga av dei regionala etablerarfonda har vore eit samarbeid med Hardangerrådet, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Nordhordland Utviklingsselskap. I HNH 2018-2019 er det framlegg om å vidareføra ordninga med 3,0 mill. kroner i 2018.

1.5 Øvrige samarbeidspartnarar

Hordaland fylkeskommune har i tillegg ulike samarbeidsavtalar og partnarskap med ei rad aktørar som er vurdert som strategisk viktige for nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet i fylket. Desse aktørane har samarbeidsavtaler med fylkeskommunen om å arbeida med mål og strategiar i næringsplanen, og prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet.

2. Hordaland fylkeskommune som regionalutviklar og samfunnsutviklar

I oppdragsbrevet for 2018 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir det peikt på at Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere distriktpolitiske mål, og å fremje verdiskaping og regional utvikling. Fylkeskommunen skal prioritere bruken av midlane i forpliktande partnarskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Departementet forventar at Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeid med verkemiddelaktørane (Siva, Innovasjon Noreg (IN) og Forskningsrådet).

Departementet har ovanfor Siva, IN, Forskningsrådet og Distriktsenteret understreka verdien av eit godt samarbeid og samspel mellom aktørane og fylkeskommunane. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regional- og distriktpolitiske måla blir nådde i større grad. Hordaland fylkeskommune har leiaransvaret for strategisk samordning regionalt, og skal vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, regionale aktørar, næringsliv og anna samfunnsliv i sitt fylke. I tillegg er det viktig at det internasjonale arbeidet er ein integrert del av arbeidet med å fremje omstillingssyktige regionar. I oppdragsbrevet er løyvinga til Hordaland fordelt på følgjande postar:

Kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta – 23,4 mill. kr

- Midlane vert forvalta av Innovasjon Norge Hordaland og er målretta mot verkeområdet for distriksretta investeringsstøtte. (Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal)

Kap. 550, post 64 Inkluderande og vekstkriftige lokalsamfunn – 7,6 mill. kr

- Fylkeskommunane vurderer kva for område som har særlege distriksutfordringar i sitt fylke. Desse områda kan vere utanfor verkeområdet for distriksretta investeringsstøtte.

Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikl. av næringsmiljø og tilgang til kompetanse – 7,0 mill. kr

- Løyvinga skal vere med på å skape omstillingssyktige regionar gjennom å leggje til rette for velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. Målet er å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø og til koplinger mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte kompetansebehovet i næringslivet.

Kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden – 9,0 mill. kr

- Løyvinga skal styrke næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.

3. Kort omtale av HNH 2018 og 2019

«*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*» trekkjer opp dei overordna mål og rammer for næringsutviklingsarbeidet i planperioden. I planen er det fokusert på tre hovudstrategiar;

Hovudstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon,

Hovudstrategi 2: Fleire med meir relevant kompetanse

Hovudstrategi 3: Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter

Då den regionale næringsplanen vart utarbeidd i 2012 og 2013 var utsiktene og utfordringane for nærings- og samfunnslivet i Hordaland noko annleis enn dei er i dag. For å ta høgde for utviklinga dei siste åra er difor «*Regional planstrategi 2016 – 2020*», som vart vedtatt av fylkestinget i desember 2016 (PS 116/2016), også teke med som eit styringsdokument for HNH 2018-2019. Hovudmål med tilhøyrande strategiar i denne planstrategien er kort summert:

Hovudmål 1: Høg sysselsetting

1. Auke nyetablering og framtidsretta verdiskaping i næringslivet
2. Betre samhandlinga innan- og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv
3. Auke forsking som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

Hovudmål 2: Eit inkluderande samfunn

1. Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa

2. Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjoner i nærmiljø
3. Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

Hovudmål 3: Klima og miljøvenleg utvikling

1. Redusera klimagassutslepp og luftforureining fra transportsektor og energiforsyning i bygningar
2. Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
3. Tydelegare planstytt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

Hovudmål 4: Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

1. Utvikle ein framtidsretta folkevald region
2. Styrke gjennomslagskraft i Europa
3. Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

I HNH 2018-2019 er desse måla og hovudstrategiane utdjupa og konkretisert gjennom definerte resultatmål og konkrete innsatsområde som blir sett på som viktige i det regionale næringsutviklingsarbeidet. HNH 2018-2019 er styrande for bruken av dei regionale, næringsretta utviklingsmidlane i budsjettet.

Hovudstrategiane i næringsplanen er sektoruavhengige, og skal med det gjelde for alle sektorar. For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det likevel viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Konsekvensen av dette er at handlingsprogrammet også vil ha eit fokus på viktige næringar som energi, maritim, marin og reiseliv. Alle desse næringane har spesielle fortrinn i Hordaland, og dei har også stort potensiale for vekst og internasjonal utvikling. I tillegg vil landbruk, som ei viktig distriktsnæring, og media- og kulturbasert næringsliv, som har stor innovativ kraft, vera næringar med særskilt fokus.

3. Justeringar i høve til HNH 2017

Det som påverkar årets handlingsprogram mest er situasjonen i petroleumssektoren med reduserte investeringar, innsparinger og reduksjon i talet på tilsette. Dette får naturleg nok ringverknader for resten av nærings- og samfunnslivet i Hordaland, og fleire år med vekstfokus er no endra til eit større fokus på å få næringsliv og FoU-miljø til å samarbeida tettare om forsking og innovasjon. Handlingsprogrammet er strukturert slik at det årleg prioriterer konkrete innsatsområde knytt til kvar av dei tre hovudstrategiane fra næringsplanen, men det er likevel nokre utfordringar som vert trekt fram som gjennomgåande for heile handlingsprogrammet. I 2018 og 2019 er følgjande tema trekt fram som sentrale:

- **Langsiktig omstillingsevne.** I åra framover må det norske samfunnet gjennom ei omfattande omstilling for å møte utfordringane med fallande oljeinntekter, færre yrkesaktive bak kvar pensjonist og behovet for eit grønt skifte. Offentleg forvaltning må også vera omstillingssyktig og bruka ressursane effektivt og i samsvar med endringane som er påkravd. Aukande trykk på effektivisering i arbeidslivet gjennom digitalisering, automatisering og bruk av IKT, gjer at det også er venta auka konkurranse om arbeidskraft mellom næringar og regionar. Utvikling av langsiktig omstillingsevne blir difor viktig for at Hordaland skal få tilgang på kompetanse som gjer fylket i stand til å satsa på samferdsel, forsking, utvikling og innovasjon i arbeidsliv og lokalsamfunn.
- **Grøn konkurranskraft.** Utfordringar knytt til klima og miljø og trong for å utvikla næringslivet inn i eit «grønt skifte» er eit viktig satsingsområde. I 2018 er minst 1,5 mill. kroner øyremerkta satsingar som skal styrke grøn konkurranskraft i næringslivet. Her opnar det seg moglegheiter for næringsutvikling på områder som grøn datalagring, smarte samfunn, rein mat, alternativ energiproduksjon, nye reiselivsprodukt, betre fiskehelse, bioøkonomi og energi-effektivisering. Satsinga som no skjer innan miljøvenleg ferjedrift er også interessant frå eit næringsutviklingsperspektiv. Dette kan ha eit stort potensiale for næringsutvikling knytt til skipsfart og transport i Hordaland.
- **Digitalisering.** Behovet for breiband med høg kapasitet aukar i alle delar av samfunnet, og ikkje minst hos dei som ikkje har tilgang til fiber. Fiber er fundamentet for digitalisering av Norge, og det er viktig å legga til rette for at innbyggjarar og næringsliv i fylket vårt skal få utvikla naudsynt kompetanse på dette området.

- **Integrering.** Det å kvalifisere fleire flyktingar og innvandrarar for arbeidslivet er svært viktig for integreringsarbeidet og vil betre tilgangen på kvalifisert arbeidskraft for næringslivet. I Hordaland fylkeskommune sitt budsjett for 2018 er det øyremerk 1,5 mill. kroner til ordning for å styrke arbeidet med integrering av flyktingar og innvandrarar rundt om i kommunane, med særleg fokus på arbeid.
- **Kompetanse og karriererettleiing.** Næringslivet blir stadig meir spesialisert og kravet til kompetanse er aukande. Ei målretta satsing på utdanning og livslang læring er viktig for å ruste næringslivet for framtida. For å styrka dette arbeidet har Hordaland fylkeskommune integrert Karriere Hordaland i regionalavdelinga. Karriere Hordaland er eit offentleg tilbod om gratis karriererettleiing for vaksne over 19 år og busett i Hordaland. Førebels er det karrieresentre i Sunnhordland og i Bergen. I løpet av vinteren 2018 vert det også karriererettleiing i Nordhordland. Tilboden skal hjelpe dei som står framfor val innan utdanning, opplæring og arbeid. God karriererettleiing vil bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden. Dette krev betre samarbeid mellom utdanningsaktørar, arbeidslivet og offentlege myndigheter.
- **Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling.** I tråd med «*Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026*» vil det i 2018 vektleggjast utviklingsprosjekt i regionsenter. I samsvar med regional planstrategi vil eit regionsenterforum ha samordning av offentleg verksemd som hovudtema. Samarbeid om auka bustadbygging i regionsenter vil stå sentralt. Kommunane er den viktigaste samarbeidspartnerane på dette området. LivOGLyst vert vidareført som eit prioritert tiltak innanfor lokalsamfunnsutvikling. I samarbeid med kommunane og andre eksterne aktørar vil det bli gjennomført eit tiltak for å strukturere og auke brukarvennlegheita for den samla etablerartenesta inkludert kom-an.no i fylket.

Ein meir detaljert oversikt innsatsområda i 2018-2019 er i det vedlagte utkast til Handlingsprogram.

4. Resultat av handlingsprogramma vedteke i FUV i perioden 2014-2016

Hordaland fylkeskommune er opptatt av at verkemiddelbruken skal skape gode effektar og resultat for næringslivet og samarbeidet i regionen. I «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013, er det lagt til grunn at det skal utarbeidast årlege resultatmål i handlingsprogrammet. Det er difor lagt inn konkrete resultatmål knytt til dei tre hovudinnsatsområda i handlingsprogrammet. Fylkesutvalet fekk i november 2016 presentert ei evaluering av resultatmåla basert på perioden 2014-2016 (PS 283/2016). I vedtaket fekk fylkesrådmannen klarsignal til å sjå nærmare på om nokre av resultatmåla bør justerast der det er behov for det. Dette er i tråd med tilrådingane frå RNF, og noko som er naturleg å sjå nærmare på i samband ny evaluering av resultatmåla i det strategiske samarbeidet med Sogn og Fjordane.

5. Disponering av økonomiske verkemidlar i 2018

Midlane til tiltak under «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*» kjem i hovudsak frå øyremerka statlege overføringer til fylkeskommunen for å gjera omstilling for bedrifter lettare på kort sikt og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt. Posten blir supplert med løyingar over fylkesbudsjettet. Opptente renter frå ikkje utbetalte midlar frå tidlegare år er også lagt til ramma. Dei økonomiske rammene for budsjettet er som følgjer:

	2017	2018	Endring
«Objektiv ramme»	49 100 000	38 030 000	-22,5 %
Omstilling	9 000 000	9 000 000	0 %
SUM statlege øyremerka midlar	58 100 000	47 030 000	-19,0 %
Midlar frå fylkesbudsjettet	3 200 000	3 455 000	7,9 %
Overført frå året før	1 500 000	12 417 000	727,8 %
Total ramme	62 800 000	62 902 000	0,2 %

Som det går fram av oversikten er det ein reduksjon på 19 % i dei statlege midlane frå 2017 til 2018. Når det likevel ikkje er reduksjon i den totale ramma har dette samanheng med at prosjektmidlar og renter på til saman 12 417 500 er overført til 2018. Overføringa av prosjektmidlar er delvis av teknisk art i samanheng med overgangen til nytt rekneskapsår. Mellom anna er 4,3 mill. kroner av omstillingsmidlane overført frå i fjor til i år. Her ligg det allereie føre fleire søknader som overstig det overførte beløpet.

I tildelingsbrevet blir det slått fast at nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioriterast. Det blir peika på nasjonale mål om auka entreprenørskap og innovasjon samt kvalifisering av bedrifter til auka forsking og utvikling. Vidare blir også dei nasjonale måla om auka verdiskaping og om satsing på nettverk, bedrifter og etablerarar framheva. Næringsretta infrastruktur og næringsretta kompetanse er også prioriterte område. Etter fylkesrådmannen sitt skjønn er det stor grad av samsvar mellom prioriteringane i gjeldande næringsplan, den regionale planstrategien, HNH 2018-2019 og dei nasjonale føringane. Oppmodinga om å prioritere nærings- og bedriftsretta formål blir følgt godt opp. Ikkje berre ved at delar av dei statlege midlane blir overført til IN, men også ved at ein stor del av dei midlane fylkeskommunen sjølv rår over går til næringsretta tiltak. Nedanfor følgjer forklarande kommentarar til dei ulike budsjettområda og budsjettpostane. Sjølvé budsjettet er vist på neste side. For samanlikning er budsjett frå 2017 tatt med.

A. Bedriftsretta låne og tilskotsordningar i distrikta

Fylkeskommunen overfører eit årleg beløp til Innovasjon Norge (IN) som er øyremerka bedriftsretta tiltak. Denne overføringa er i 2018 på 23 440 000 kroner. Midlar til bedriftsretta tiltak var i 2017 på 23,5 millionar kroner. Målgruppa for midlane er bedrifter og entreprenørar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge blir krav og forventingar formulert.

B. Tilrettelegging for næringsutvikling

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten og fordelt på delpostane B-1 til B-9. Dette er søkbare midlar, tilskotsordningar og program forvalta av fylkeskommunen på til saman 22 068 000 kroner.

Dei søkbare midlane er på totalt 19 718 000 kroner. Desse rettar seg mot dei prioriterte innsatsområda frå næringsplanen: *Entreprenørskap og innovasjon, Relevant kompetanse og Bergensregionen, Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling*, ein felles post for tiltak retta mot bransjar med særleg fokus i Hordaland og ein for klimaretta tiltak. 1,25 mill. kroner er øyremerkt til prosjekt innan klimaretta tiltak i næringslivet (B-5), e1,5 mill. kroner er øyremerkt grøn konkurranseskraft (B6) og 1,5 mill. kroner er øyremerkt integrering (B-7). Dei tematiske satsingane innan dei ulike områda er formulert i eigne kapittel i dette dokumentet.

Posten B-8 er øyremerka midlar til program. Det er sett av 450 000 kroner til Mobiforsk, som erstattar den tidlegare ordninga Virkemiddel for Regional Innovasjon (VRI) i Hordaland. Ordninga er kopla opp mot RFF Vestlandet for å styrke forsking, innovasjon som bidrag til omstilling. 1,9 mill. kroner er øyremerka midlar til samarbeidsaktørar i post B-9.

C. Regionale etablerarfond

Det er avsett 3 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Desse midlane er fordelt til samarbeids-partnarar slik at Sunnhordland får 594 000 kroner og Hardanger får 438 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 1 968 000 kroner.

D. Omstilling og nyskaping

9 mill. kroner er øyremerkt omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar. Omstillingsutvalet – som er sett saman av NAV, Innovasjon Norge, arbeidstakar- og arbeidsgivarsida, samt posisjon og opposisjon i fylkesutvalet – er styringsgruppe for midlane som er sett av til omstilling.

E. Forvalting

Det er sett av 1,1 mill. kroner til delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune.

Budsjett for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2018

Budsjettpost	Budsjett 2017 NOK	Budsjett 2018 NOK
A: Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	23 560 000	23 440 000
A-1: Søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	23 560 000	23 440 000
B: Tilrettelegging for næringsutvikling totalt	27 500 000	22 068 000
B-1: Entreprenørskap og innovasjon	6 000 000	4 300 000
B-2: Relevant kompetanse	5 000 000	4 300 000
B-3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling	5 000 000	3 531 000
B-4: Bransjeretta tiltak	4 300 000	3 337 000
B-5: Klimaretta tiltak	1 500 000	1 250 000
B-6: Grøn konkurranseskraft		1 500 000
B-7: Integrering		1 500 000
Søkbare midlar / tilskotsordningar (sum B-1 til B-5)	21 800 000	19 718 000
B-8: Øyremerka midlar til program (sum)	1 350 000	450 000
- Mobiforsk	450 000	450 000
- Entreprenørskapsatsing i Innovasjon Norge	900 000	
B-9: Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar	4 350 000	1 900 000
C: Regionale etablerarfond	4 000 000	3 000 000
- Bergensregionen	2 624 000	1 968 000
- Sunnhordland	792 000	594 000
- Hardanger	584 000	438 000
D: Omstilling og nyskaping	9 000 000	13 304 000
E: Forvalting	1 090 000	1 090 000
TOTAL SUM	65 150 000	62 902 000

Finansiering for Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling 2018

Kjelde	Verkemiddel	2018 NOK	Budsjettpost
KMD 550.62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	23 440 000	A1 (Innovasjon Norge)
KMD 550.64	Inkluderande og vekstkraftig samfunn	7 590 000	Fordelt på B1 til B6
KMD 553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	7 000 000	Fordelt på B1 til B6
KMD 553.65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	9 000 000	D (Omstilling)
FUV-midlar	Ramme frå fylkesutvalet	3 455 000	Fordelt på B1 til B6
Overført frå 2017	Renter	1 200 000	C (Reg. etablerarfond)
Overført frå 2017	Unytta FUV-midlar	595 500	Fordelt på B1 til B6
Overført frå 2017	Overført LUK-fond	1 500 000	B7 (Integrering)
Overført frå 2017	KMD 553.65 (Omstilling)	4 304 000	D (Omstilling)
Overført frå 2017	KMD 553.60	2 084 500	C (Reg. etablerarfond)
Overført frå 2017	KMD 553.64	1 483 500	Fordelt på B1 til B6
Overført frå 2017	Klimaretta tiltak	1 250 000	Fordelt på B5
Total		62 902 000	